



Frå helselaget sin tur til Fitjar i fjor.

Uskedal helselag avsluttar sesongen med tur. I fjor hadde dei ein sær s v e l l u k k a tur til Fitjar. I år går turen til Ytre Arna der dei mellom anna skal besøka Norges yngste tekstilfabrikk Oleana. Ytre Arna har lange tradisjonar med tekstilindustri, og etter det vart slutt ved Arne Fabrikker, starta Oleana opp i 1992, og med sin fantastisk flotte kolleksjon har dei i dag 70 arbeidsplasser.



[Eksempel frå kolleksjonen. Frå Oleana si heimeside.](#)

Oleana er den einaste trikotasjefabrikken i landet som strikkar og syr alt i Norge. Dette vil dei visa til besøkjande. Dei vil derfor ha opne dører slik at folk kan sjå korleis plagga vert laga. Besøkjande kan handla i

fabrikkutsalget, og dei kan også få seg ein kopp kaffi i det gamle fargeriet som ligg heilt i sjøkanten. Dei har som mål å skapa ei oppleving for alle som besøker fabrikk.

Torsdag 15.juni reiser altså Uskedal helselag på tur, og då er Oleana eit av måla på turen. Då vert det nok gong på shoppinga i fabrikkutsalet som inneheld ein fantastisk kolleksjon. Det vert også lunsj, ei god suppe med brød, kaffi og te.

Bussturen startar ved Grano kl.07.50, og ved påmelding seier ein frå kor ein vil koma på bussen.

Påmeldingsfristen var eigentleg 1.juni, men dette året har dei stor buss så det er framleis plass til fleire.

Påmelding kan gjerast til Berit Helene Myklebust tlf. 902 09 174 eller Eli Roseth Eik tlf. 957 86 228. Ein kan også ta med seg vener. Innan fristen var det så mange påmelde at det er bestemt at det vert tur, men helselaget vil fylla opp bussen mest mogeleg. Pris for reise og mat er kr. 500,00 - , og det vert betalt på bussen.

På heimvegen vert det ein kort stopp ved Safa på Bjørkheim.

På heimesida til Oleana er det mykje fint, så klikk dåke inn [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Eli Roseth Eik og frå heimesida til Oleana.